



Human-Etisk Forbund
v/Magnhild Marie Bøe-Hansen
Hordaland fylkeslag
Christian Michelsensgt. 4
5012 BERGEN

Dato: 20.12.2016
Vår ref.: 2016/34594-3
Saksbehandlar: mernord
Dykkar ref.:

Angåande offentleg minnemarkering for trafikkdrepne i Hordaland

Det vert vist til din E-mail av 29.11.2016. Du viser her til din henvendelse som du sendte 2014 og etterlyser svar på denne. Eg vil først og fremst beklage at du ikke har motteke svar på dine E-mail. Vi seier oss leie for at denne saka har teke så lang tid.

Du viser i din mail til at Trygg trafikk og den Norske kirke i samarbeid med fleire offentlege etatar, bla. Politiet, brannvesenet, ambulansetenesta, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, har arrangert ei minnemarkering for familiar ramma av dødsfall i trafikken i Hordaland. Du skriv at dette har vore mykje omtala i media og du ønskjer å gje nokre kommentarar samt å stille fylkesordførar spørsmål i saka.

Human-Etisk Forbund Hordaland fylkeslag har følgjande spørsmål til fylkesordførar:

- Ser fylkesordførar det problematiske i at våre offentlege etatar samarbeider med og deltar aktiv i religiøse minnemarkeringar ?

Som de sjølv skriv, dette er i intensjonen gode arrangement. Alle med trafikkdødsfall i familien vert inviterte, det er tap av nære familiemedlem og sorg, som står i sentrum for dette arrangementet. Men også for at et breiare publikum skal få reflektere over det store antall dødsfall i trafikken. Eg vil presisera at deltaking på dette arrangementet, minnemarkering for trafikkdrepne i Hordaland, var frivillig. Eg legg her vekt på at alle var velkommne, uansett tro og livssyn. Det var ein open invitasjon. Eg ser det difor ikke som problematisk at offentlege etatar samarbeider med og deltar aktiv i religiøse minnemarkeringar, dersom alle er velkomne på minnemarkeringa uansett religion, livssyn og verdiar.

De viser i ditt brev til gravferdslova § 1, grunnleggjande bestemmelser. Her går det fram at gravlegging skal skje med respekt for den døde sin religion eller livssyn. For ordens skuld, denne regelen gjeld gravferd. Som ovanfor nemnt, det er viktig at ei minnemarkering er open og inkluderande.

- Vil fylkesordførar ta initiativ til at offentlege etatar reflekterer over si rolle i religiøse markeringar og heller medvirker til at det vert oppretta livssynsnøytrale eller pluralistiske minnemarkeringar som alle kan føla seg ivaretakne i ?

Det er viktig for meg, at dei etterlatne kan føla seg ivaretakne i minnemarkeringar som offentlege etatar, då særslig Hordaland fylkeskommune, er med på å arrangere. Det er også viktig for meg at offentlege etatar reflekterer over si rolle i religiøse markeringar og tek omsyn til livssyn og religion. Eg har dverre ikke høve

til å prioritera å medverke til at det vert oppretta livsnøytrale eller pluralistiske minnemarkeringar som alle kan føle seg ivaretatt i. Men eg ser det som positivt og ynskjer det velkommen.

Anne Gine Hestetun
fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.